Det er forstemmande at Regjeringa også her vel alliansar til høgre. Regjeringspartiet vil ikkje vera med på eit forslag frå SV om å setta ned eit utval til å vurdere dette, eller vera med på eit forslag frå sentrumpartia om å vurdere vernesoneproblematikken.

Det er trist at miljøinteressene nok ein gong ser ut til å tapa i Arbeidarpartiet. For AUF og andre som utetter seier at dei er opptatt av miljøspørsmål, må det å vera med i dette partiet etter kvart vera ein svært smertefull prosess så lenge miljøinteressene tapar heile vegen.

Noreg og norske selskap har eit høgt aktivitetsnivå internasjonalt. I denne samanhangen er det viktig at me har ein etisk standard som toler dagslys. Det er derfor nødvendig å hugsa på vår eiga oljehistorie og vår politikk i forhold til utanlandske selskap. Noreg og norske selskap har eit spesielt ansvar for å syta for at verksemda ikkje er rein utbytting, men faktisk medverkar til ei positiv utvikling for den nasjonalstaten me er til stades i, anten det er i Aserbajdsjan eller i Nigeria.

Eg tar med dette opp SVs forslag.

Presidenten: Hallgeir H. Langeland har tatt opp det forslaget han refererte til.

Tore Nordtun (A) (komiteens leder): Naturgass er en av de aller viktigste naturressursene Norge har. Som kjent startet vår gasseksport allerede i 1977 med store leveranser fra Ekofisk-feltet til Emden. Eksport av naturgass var i 1999 på hele 45,5 milliarder Sm³, og den norske gasseksporten utgjorde i underkant av 2 pst. av verdens totale gassforbruk. Som gasseksportør befinner Norge seg blant verdens ti største. Rundt 10 pst. av Vest-Europas gassforbruk dekkes av den norske gassen.

Med disse ressursene er vi som nasjon i en unik posisjon. Ser vi på markedene vi eksporterer til, er de vant til å bruke gass innen ulike områder, de har et godt utbygd distribusjonsnett, og avstandene fram til de store befolkningsgruppene og konstallasjonene er korte. Ser vi dette i sammenheng med de store miljøutfordringene, og at vi har gass som er langt mindre forurensende enn alternativen, er vi som sagt i en meget gunstig posisjon.

Ser vi framover mot 2020, vil et fullt integrert nettverk for gasstransport være på plass i Europa. Der må vi være med som en av hovedaktørene. Jeg ser fram til behandlingen av Statoil og SDØE som vi skal ha i Stortinget.

Vi må i den sammenheng også rette blikket rundt oss, og der ligger det land som enten er eller kommer til å bli store gassprodusenter. De kommer til å konkurrere med hverandre om å levere gass, og dermed vil prisene gå ned. Nå må Norge tenke særdeles strategisk framover når det gjelder denne viktige råvaren vår som vi skal inn på markedene med. I Norge må vi, som hovedeier i de store selskapene, også tenke grundig gjennom hvordan vi – jeg holdt på å si – skal parre føttene i det løpet i Europa.

Denne meldingen som vi har til behandling, har også tatt inn en del om konkurranseevnen på norsk sokkel. Den kan alltid diskuteres, men jeg tror den industrien skal tenke seg litt om når det gjelder fra hvilken innfallsvinkel de skal møte disse utfordringene og diskutere rammebetingelsene for norsk sokkel. Rammebetingelsene for norsk sokkel dreier seg ikke bare om ulike prinsipp, men også om hele innretningen på skattesystemet. Jeg håper at vi kan ta dette innover oss, og at vi også kan få en debatt om et skattesystem som i sterkere grad gjør det mulig for mindre selskaper å aktivisere mindre felt og ta opp restproduksjonene, noe som er viktig på norsk sokkel. Dermed får vi også en skikkelig og bedre høsting.

Jeg vil også rette oppmerksomheten mot en annen utfordring som vi har. Det er de store CO₂-utslippene på norsk sokkel. Jeg ser fram til videre debatter omkring dette og om å få en sterkere elektrifisering på norsk sokkel, slik at vi kan starte gasskraftverk som har kabler ut til norsk sokkel for å få bort de store og tunge CO₂-utslippene. Jeg tror det vil være tjenlig på lengre sikt.

Det jeg også kunne tenkt meg en grundigere drøfting av framover, er rekrutteringen til denne industrien. Det er mange som liker, og mange som faktisk elsker, å snakke om denne industrien som en industri som går inn i solnedgangen. Men dette er en framtidsrettet industri på høyt nivå. Vi har en av de mest kvalifiserte arbeidsstokkene i hele verden på ulike områder. Da synes jeg at vi skulle være mer optimistiske også når det gjelder framtiden til denne industrien, slik at kommende generasjoner ser det som en utfordring å ta fatt på denne virksomheten.

Til slutt vil jeg si at vi må – og det har vi gjort også, det viser budsjettet – sette sterkere fokus på innenlands bruk av gass. Det er med glede vi nå ser at de første skrittene er tatt her, men det må også videre oppfølging til senere. Jeg viser til de pilotprosjektene Stortinget nå går inn og støtter etter innstilling fra Regjeringen. Men det som jeg kunne tenke meg, er at man nå tar mer fatt på en interdepartemental samordning av bruk av gass innenlands, slik at det skjer en sterkere koordinering og en sterkere verdiskapning i Norge på dette området.

Statsråd Olav Akselsen: Olje- og gassverksemda er landets viktigaste næring. Dei ressursane me er så heldige å ha utanfor kysten vår, må forvaltast i eit langsiktig perspektiv.

Næringa er avhengig av at me lagar stabile rammeverk og gjev moglegheiter for vidare utvikling. Det har vore og er viktig med brei politisk semje om hovudtrekka i olje- og gasspolitikken, fordi denne næringa betyr så mykje for landet vårt. Eg er derfor glad for den oppslutninga Regjeringa har fått om framlegga i oljemeldinga. Eg håpar me kan byggja vidare på denne semja i saker som eg veit kjem.

Stortingsmeldinga om olje- og gasspolitikken har ein viktig bodskap: Me skal forenkla og forbedra rammeverket og gjera norsk sokkel meir konkurransedyktig.

Petroleumsressursane i nye delar av verda er blitt tilgjengelege for internasjonale oljeselskap. Dette har gjeve

den internasjonale oljeindustrien fleire stader i verda å velja mellom når den skal gjera sine investeringar. For å trekkja investeringar til norsk sokkel må me betra norsk sokkel si konkurransekraft. Utan ein konkurransedyktig sokkel vil me ikkje kunna sikra ei fullgod ressursforvaltning, noko som vil føra til reduserte inntekter til fellesskapet.

Me har òg sett at fleire av dei store oljeselskapa har slått seg saman til større einingar. Det betyr at dei norske selskapa møter auka konkurranse heime og ute. Me må bidra til å styrkja dei norske selskapa, slik at dei kan møta denne konkurransen.

Eg er glad for at dei tiltaka som tek sikte på å styrkja kontinentalsokkelen si konkurransekraft, får brei oppslutning frå energi- og miljøkomiteen. Eg vil gje Stortinget ei tilbakemelding på framdrift i oppfølginga av meldinga i samband med revidert nasjonalbudsjett, slik som komiteen ber om.

Omsynet til miljøet vil vera avgjerande for om petroleumsverksemda kan utvikla seg vidare på norsk sokkel. Ein må òg kunna driva i forståing med andre næringsinteresser, særleg fiskeri. Det er viktig for meg at me klarar å balansera desse omsyna på ein god måte. Tiltak som no blir sette i verk, vil betra denne balansen.

I neste stortingsmelding om olje- og gassverksemda tar eg sikte på å avklara og avvega interessene i område der petroleumsaktivitet kan koma i konflikt med fiskeri og miljø.

Eg er særleg opptatt av at me ser til at petroleumsverksemda blir driven på ein måte som gjer arbeidsplassane trygge og gode for dei tilsette, og med lågast mogleg risiko for ulukker. Dette er noko som oljeselskapa må ta på alvor. Dette området er òg noko eg vil prioritera høgt framover. Eg viser til at kommunal- og arbeidsministeren har sagt at ho vil leggja fram ei eiga stortingsmelding om helse, miljø og tryggleik på sokkelen. Justisministeren har òg sagt at Regjeringa legg opp til å koma tilbake med ei melding om redningshelikopterberedskap på sokkelen.

Norsk leverandørindustri har dei siste åra slite med låg ordreinngang, permitteringar og oppseiingar. Frå 1998 til 2000 er talet på tilsette i oljenæringa redusert med 20 pst. Dei fleste av desse var tilsette i leverandørindustrien.

Utbyggingsprosjekta Grane, Kvitebjørn, Ringhorne og Valhall har ført til at det igjen er aktivitet ved dei fleste offshoreverfta langs kysten vår. Optimismen er på veg tilbake.

Leverandørindustrien er enno inne i ein omstillingsfase og står overfor store utfordringar. Skal me òg i framtida utnytta ressursane på norsk sokkel effektivt, er det viktig med ein konkurransedyktig offshoreindustri med base i Noreg. Samstundes må me sjå norsk sokkel som ein del av ein ny marknad, verdsmarknaden, og norsk offshoreindustri som ei internasjonal næring, med dei moglegheitene og dei utfordringane det fører med seg.

I St.prp. nr. 19 for 2000-2001, framlagt 17. november i år, gjorde departementet greie for dei siste kostnadsoverslaga for Åsgardkjeda. Etter at proposisjonen blei fremja, fekk departementet opplyst at nye studiar viser

ein ny kostnadsauke. Det er likevel Statoil si vurdering at dei totale utbyggingskostnadene vil liggja innanfor den skisserte ramma som låg til grunn for departementet si orientering. Eg vil seinare koma tilbake til Stortinget med informasjon om dei faktiske kostnadstala for dette prosjektet.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Øyvind Vaksdal (Frp): Fremskrittspartiet har i dag fremmet et forslag om at auksjonsprinsippet skal legges til grunn ved tildeling av konsesjoner, men det ser dessverre ikke ut som vi oppnår flertall for dette, iallfall ikke i denne omgang.

Jeg vil derfor spørre statsråden: Har Olje- og energi-departementet vurdert å ta i bruk anbudsprinsippet ved tildeling av konsesjoner? Og ser ikke statsråden at konkurranse på like vilkår på norsk sokkel også kan virke positivt når norske selskaper skal konkurrere internasjonalt?

Statsråd Olav Akselsen: Alt frå dag *ein* i norsk oljepolitikk har det vore viktig å ha konkurranse på norsk sokkel, ein kombinasjon mellom utanlandske og norske selskap, mellom statlege og private selskap. Samstundes har det vore viktig å ha styring med utviklinga. Derfor har ein lagt opp til ein konsesjonspolitikk, ein konsesjonspolitikk som fram til no har gjeve dei resultatata som ein har ønskt seg.

Det er sjølv sagt slik at ein fleire gonger – vil eg tru – har vurdert andre måtar å gjera dette på, inkludert auksjonsprinsippet. Men eg har ikkje sett nokon grunn for å endra politikken på dette området.

Det er sjølv sagt viktig at dei som får moglegheit til å driva aktivitet på norsk sokkel, gjer det på ein måte som gjev avkastning òg for den norske staten, som er eigar av desse ressursane. Men me har meint at den beste måten å få denne avkastninga på, har vore gjennom skattesystemet og ikkje ved å selja delane ein for ein. Me meiner altså at me har hatt eit system som har fungert bra. Det vidareutviklar me no, ved bl.a. å opna for gruppesøknader og den typen ting.

Når det gjeld spørsmålet om likestilling med andre område i verda der ein driv denne typen aktivitet, er det, som eg er kjend med, svært få område som baserer politikken sin på at ein berre sel ut konsesjonar etter eit auksjonsprinsipp. Det er i all hovudsak heilt andre typar lisenstildeling ein har. Mange av dei liknar på den me opererer med i Noreg.

Hilde Frøfjord Johnson (KrF): Det har i forbindelse med budsjettet vært en debatt om Demo 2000 og det utmerkede forslag som sentrumsregjeringen i sin tid la frem. Jeg tror – uten å ta munnen for full – at verken statsråden eller vi roper høyt hurra for resultatet av budsjettet i den sammenheng. Derfor er jeg opptatt av å finne ut hvordan vi videre kan satse på Demo 2000, siden statsråden ikke kom inn på det i sitt innlegg.

Representanten Høie fra Høyre siterte en halv komite-merknad, som gir et helt galt bilde av hva som er det faktiske forhold, for der står det nemlig også at man skal satse på nye områder som kan forsterke inntekspotensialet, muliggjøre utbygging, bedre den miljømessige profilen og øke grunnlaget for eksport, altså en økt satsing på Demo 2000.

Vi har flere måter å gjøre det på, og det er det jeg ønsker å utfordre statsråden på. Ved budsjettforliket økte man Forskningsfondet med 500 mill. kr. Forskningsrådet og forskningsinnsatsen fikk 100 mill. kr mer. Det etableres en ny tilskuddsordning fra 1. juli 2001 som gir 200 mill. kr mer, og i alle disse sammenhengene er energi og miljø et satsingsområde. Jeg vil utfordre statsråden på betydningen av at han deltar i kampen om disse bevilningene, og sørger for at petroleumsteknologisk forskning får en etterlengtet satsing og sikrer at den bevilningen som nå er for 2001, ikke medfører en nedtrapping av Demo 2000. Det eierforhold vi har til dette, betyr også – håper jeg – at de resultatene en har oppnådd, medfører en økt innsats.

Det andre jeg vil utfordre statsråden på, er CO₂-frie gasskraftverk og forsknings- og utviklingsinnsats i den sammenheng. Arbeiderpartiet har tidligere uttalt at de ønsket å bidra til å komme med en tiltakspakke som vi tilsvarende foreslo i mars i år. Og mitt spørsmål er: Når kommer tiltakspakken? 20 mill. kr er etter vår oppfatning ikke nok for å bidra til den satsingen som må til i klimasammenheng.

Kirsti Kollle Grøndahl hadde her overtatt presidentplassen.

Statsråd Olav Akselsen: Denne replikken oppfatar eg framfor alt som ei støtte til statsråden sitt arbeid med å syta for at det blir forskning òg på dette området. Den støtta tar eg sjølv sagt med meg vidare.

Når det gjeld Olje- og energidepartementet, er det slik at alt i alt var det ein liten auke i forskning på dette området, men det er sant, som alle her i salen veit, at Demo 2000 fekk ein nedgang i budsjettet for inneverande år.

Det som ligg til grunn for Regjeringa sin forskingspolitikk, er det som kom fram i stortingsmeldinga om forskning, som blei behandla i februar i år, der ein fremja fire område som ein skal satsa spesielt på – energi og miljø er eitt av dei. Det er klart at det vil vera ei viktig rettesnor for den satsinga Regjeringa skal leggja opp til på dette området, og for fordelinga av midlane som er stilte til disposisjon.

Når det gjeld CO₂-fri gasskraft og satsing på det, er eg glad for at det er stor semje om at me har eit potensial å henta ut her, og at det var oppslutning om dei midlane som Regjeringa foreslo på dette området. Det er slik at Regjeringa har varsla at ein til våren vil koma tilbake igjen med ei klimamelding for oppfølging av våre nasjonale tiltak og dei internasjonale tiltaka, bl.a. Kvoteutvalets innstilling. Eg vil ikkje her og no seia med 100 pst. tryggleik at dette med CO₂-fri gasskraft vil bli handtert der, for det er miljøvernministeren som skal leggja fram

den meldinga, men eg vil signalisera at det er veldig viktig for oss å få til ei slagkraftig forskning på dette området, og vi ønskjer å ha Stortinget med oss i dette arbeidet. På dette området òg oppfatar eg replikken meir som eit signal om at me her ønskjer ein felles politikk.

Bent Høie (H): I forhold til Demo 2000 var vår bekymring at halve merknader ofte gir hele sannheten. Derfor var spørsmålet fra Hilde Frafjord Johnson bra i forhold til at det var offensivt, men svaret fra statsråden burde i så måte vært like offensivt. Og det oppfatter jeg ikke at det var, så vi er fortsatt bekymret, men håper at en her tar med signaler om at dette er en sak som Stortinget er opptatt av.

Mitt spørsmål til statsråden gjelder NOU 2000: 18. I mitt innlegg kom jeg med en utfordring i forhold til når vi får en avklaring av hva som er Regjeringens standpunkt i forhold til dette spørsmålet. Statsråden har sikkert, på lik linje med Høyre og andre, oppfattet at dette er et spørsmål som næringen er svært opptatt av å få en avklaring på. Komiteens leder, Tore Nordtun, fra Arbeiderpartiet, har nærmest bedt Oljeindustriens Landsforening, OLF, gå i takt i denne saken, men det må jo være svært vanskelig å gå i takt når Regjeringen ikke engang har satt melodien. Derfor er det nødvendig nå å få vite: Når kommer denne saken? Når kommer Regjeringens standpunkt?

Det neste er: Vil statsråden i forhold til denne saken følge opp de klare og gode intensjoner som ligger i denne meldingen, og ikke minst følge opp den gode analysen som statsråden selv kom med i dag i sitt innlegg i forhold til konkurransesituasjonen når det gjelder investeringer på norsk sokkel i forhold til andre områder. Vil statsråden i denne saken gjøre en ekstra innsats for å nå fram i forhold til sin kollega i Finansdepartementet?

Statsråd Olav Akselsen: Eg kan forsikra Høie og andre som måtte vera interesserte i det, at eg gjer ein slik innsats kvar dag, med godt resultat. Eg vil òg forsikra om at me gjer det me kan for å vidareføra Demo 2000, og at det er ambisjonen vår.

Når det gjeld spørsmålet om skattepolitikk, skjønar eg jo at ein ønskjer ei avklaring, men trass i alt har det no berre vore normal framdrift i denne saka. Den blei altså fremja som ein NOU seint i vår/tidleg i sommar. Regjeringa har sendt den ut på høyring. Den er no på internhøyring. Planen er at denne skal koma så tidleg til Stortinget at Stortinget får behandla den før ein går frå kvarandre i sommar. Eg kan ikke seia nokon eksakt dato, for det er eit anna departement som skal leggja fram denne saka. Men ambisjonen er heilt klar: Dette skal vera ei sak som Stortinget får til behandling til våren, og så får me sjølvstakt koma tilbake til innhaldet då. Men det er klart at me no har lagt fram ei stortingsmelding som viser ei retning, og det må òg få verknad når ein behandlar denne saka og skattenivået på norsk sokkel, ikkje minst skattesystemet på norsk sokkel.

John Dale (Sp): Eg vil igjen fokusera på dei nye fullmaktene Regjeringa har skaffa seg i utbyggingssaker på sokkelen.

Etter innlegg her i salen kunne det forventast at statsråden i innlegget sitt hadde presentert nærare dei argumenta som talar for den omlegginga som her skjer, for slike argument har me sett lite av i St.meld. nr. 39 for 1999-2000.

Dessutan vil eg spørja statsråden om han synest det er ukomplisert at det på denne måten vert ført makt frå Stortinget til Regjeringa. I staden for å kopla Stortinget sterkare inn i den oljepolitiske vedtaksprosessen skjer det motsette her. Korleis vurderer statsråden denne situasjonen?

Statsråd Olav Akselsen: Først må eg jo presisera at ei stortingsmelding er eit forslag frå Regjeringa til Stortinget, og så er det Stortinget som tar avgjerdene. I dette tilfellet er det eit fleirtal på Stortinget som meiner at ein kan handtera desse spørsmåla på ein annan måte enn det som har vore tilfellet fram til no.

Eg er ikkje einig med representanten Dale når han seier at dette i vesentleg grad påverkar maktforholdet mellom Regjeringa og Stortinget, fordi dette dreier seg om saksbehandling i enkeltsaker. Oljepolitikken blir jo trekt opp i oljemeldinga og i meir generelle vendingar knytte til årsbudsjettet for dei enkelte åra – ikkje i tilknytning til enkeltsaker. Erfaringa mi er at alle dei sakene som blei fremja i løpet av 1990-talet, fekk godkjenning frå Stortinget rett og slett fordi Stortinget på førehand hadde gjeve generelle retningslinjer for korleis politikken på dette området skulle fungera. Og den fungerer slik at har ein først fått løyve til å leita og ein finn noko, skal ein òg få løyve til å ta ut desse ressursane når ein kjem så langt. Derfor vil eg først og fremst seia at eg ikkje ser den store motsetnaden som John Dale skisserte, først og fremst i innlegget sitt.

Det er slik at me i den seinare tida har opplevd veldige svingingar i marknaden for offshoreindustrien. Då me begynte å jobba med desse spørsmåla, var ønsket vårt å få mest mogleg stabilitet og få til rammevilkår som gjer at norsk sokkel blir attraktiv. Då gjekk me gjennom ei rekkje tiltak, og dette tiltaket var eitt av dei. Eg meiner at me no kan få ei betre og raskare saksbehandling. Dessutan – og ikkje uvesentleg – trur eg at me no får ei meir realistisk budsjettering. Me har vel hatt eksempel på at ein del litt urealistisk har pint seg under denne grensa for å få auka overskridingane. Eg trur òg at ein del prosjekt som naturleg hang saman, blei splitta opp som enkeltprosjekt for at ein skulle unngå å måtta koma til Stortinget. Det er i alle fall noko ein no unngår.

Hallgeir H. Langeland (SV): Eg ønskjer at statsråden skal koma litt inn på dei faktiske forholda knytte til klimaproblemet.

Som eg sa i innlegget mitt, opplever eg at Arbeidarpartiet i sin praktiske politikk følgjer opp Framstegspartiets filosofi om at det ikkje eksisterer noko klimaproblem. Dette illustrerer eg ved at Arbeidarpartiet, som går inn for eit visst tal gasskraftverk – eg veit ikkje kor mange – berre gjev fullmakt til det. Ein vil nå få ein sterk auke i privatbilismen, og ein vil få meir trafikk på vegane ved at

ein flytter trafikken frå bane til veg. Og så har ein nå det siste eksemplet, der statsråden gir Esso løyve til å fakla 150 000 m³ gass. Er det slik at det eksisterer eit klimaproblem, og er dei eksempla eg nemnde, eit uttrykk for at Arbeidarpartiet tar klimaproblemet på alvor?

Punkt 2 er knytt til kva slags funksjonar Statens forurensingstilsyn, SFT, og Oljedirektoratet skal ha når Arbeidarpartiet sit i regjeringsposisjon. Me opplevde jo at SFT vart instruert i gasskraftsaka, og etter Dagbladet får Oljedirektoratet ikkje medhald frå statsråden når det kjem med sine faglege tilrådingar. Kva slags funksjon skal desse fagorganane ha etter statsråden si mening?

Statsråd Olav Akselsen: Det er heilt rett at det er usemje mellom SV og Arbeidarpartiet når det gjeld ein del verkemiddel knytte til klimapolitikken. Men eg vil likevel håpa at me slepp å koma med skuldingar om at den andre parten av den grunn ikkje er opptatt av desse spørsmåla.

Arbeidarpartiet har heilt frå dette kom på dagsordenen, ønskt å ta omsyn til og aktivt ta opp kampen mot klimaproblema. Men etter vår måte å tenkja på er dette eit internasjonalt spørsmål og treng derfor først og fremst internasjonale løysingar. Det er òg ein av grunnane til at Arbeidarpartiet har vore ein pådrivar for å få til ein internasjonal klimaavtale, noko som me langt på veg fekk stadfesta at verda ville vera med på, gjennom Kyoto-avtalen. Så får me alle håpa at ein kjem vidare i den prosessen, og at me får eit system som alle land må innordna seg under, Noreg inkludert.

Så er det nokre konkrete spørsmål knytte til eit felt i Nordsjøen, og då er det ikkje slik at departementet på nokon som helst måte har overprøvd SFT i den samanhengen. På Balder-feltet hadde ein tekniske problem som gjorde at ein ikkje kunne greia å halda det volum som ein tidlegare var einig om. Det har vore brevveksling, fram og tilbake, på dette området, og ein har no fått eit nytt volum, eit volum som er mykje lågare enn det Esso har søkt om, og som faktisk har ført til at Esso har måtta redusera produksjonen sin på dette området. Me følgjer denne saka nøye, og det er altså slik at Esso har sagt at dei skal utbetra desse tinga i løpet av første kvartal neste år. Eg meiner den saka òg er handtert på rett måte.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.
Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 5.
(Votering, se side 1486)

S a k n r . 6

Innstilling frå kommunalkomiteen om forslag frå stortingsrepresentantane Karin Andersen og Hallgeir H. Langeland om å fremja ei tilleggs melding til St.meld. nr. 39 (1999-2000) om olje- og gassverksemda som skal retta spesiell merksemd på oljearbeidarane sine vilkår og på helse-, miljø- og sikkerhetsaspekt ved arbeid knytta til norsk sokkel (Innst. S. nr. 47 (2000-2001), jf. Dokument nr. 8:90 (1999-2000))

Presidenten: Etter ønske fra kommunalkomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 45 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene: Arbeidarpartiet 10 minutter, de øvrige gruppene 5 minutter hver.

Videre vil presidenten foreslå at det ikke blir gitt anledning til replikker etter de enkelte innlegg, og at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) (ordfører for saka):

Det er behov for eit sterkare søkjelys på helse, miljø og tryggleik på sokkelen. Det var eit gjennomgangstema i samband med føregåande sak, St.meld. nr. 39 for 1999-2000. Det er såleis fagpolitisk semje om å oppfylle intensjonen i Dokument nr. 8:90 for 1999-2000. SV utdjupa i sitt forslag tolv område som det er knytt ulike helse-, miljø- og tryggleiksaspekt til. Kommunal- og regionalministeren gjer i sitt brev til komiteen greie for tiltak som det no blir arbeidd med. Ho ser òg behov for ei eiga melding, og ho utdjupar òg ytterlegare tema som det er aktuelt å ta med i ei slik melding. Komiteen legg til grunn at alle nemnde aspekt blir tatt vare på.

Kommunalkomiteen har på eit eige seminar i oktober, og òg ved eit besøk i Nordsjøen, sjølve vidd fleire av desse områda merksemd. Komiteen uttrykkjer uro overfor signal som kjem fram i denne samanhengen. Frå Senterpartiet si side vil vi spesielt framheva Oljedirektoratet si understreking av ei urovekkjande utvikling. Det er m.a. kasta lys over utviklinga av såkalla hendingar rapporterte til Oljedirektoratet. Mens talet på rapporterte hendingar i 1996 var 139, vart det meldt om 423 i 1999, og i 2000 var talet pr. 5. september 333. Annan statistikk underbyggjer dette biletet.

Når det gjeld innhaldet i meldinga, trekkjer komiteen spesielt fram følgjande tema: aldring av personell, aldring av innretningar, vedlikehald, endringsprosessar, overvaking av tryggleiksnivå, miljøomsyn, arbeidstakar-medverknad og tilsynsstyresmaktene sine oppgaver.

Statsråden skriv i sitt brev til komiteen at ho har som mål ei melding hausten 2001/våren 2002. Dette er bakgrunnen for – trur eg eg vil seie – den smule usemje om framdrifta som framgår av innstillinga frå komiteen. Vi meiner det hastar med ei eiga melding. Fleirtalet ynskjer meldinga snarleg, slik at ho kan handsamast hausten 2001. Det forstås eg òg det allereie er brei semje om i energi- og miljøkomiteen.

Komiteen er òg opptatt av at beredskapen no i mellomtida ikkje blir svekt. Det gjeld både internt på plattform og eksternt i form av fartøy og helikopter. Som saksordfører er eg kjend med at det for tida går føre seg arbeid som kan definerast som styrking av beredskapen. Eg føreset sjølv sagt at eit slikt arbeid held fram, og at eventuelle endringar for å styrkja beredskapen blir sett i verk ut frå Oljedirektoratet sine godkjenningssprosedurar. Eg synest at det som er sagt i dag frå ulike parti, understrekar den breie semja som involverte statsrådar her vil ha i arbeidet med ei eiga melding. Det må vera eit godt utgangspunkt.

Berit Brørby (A): Saksordføreren har gjort grundig rede for kommunalkomiteens synspunkter, men bare noen få, korte kommentarer fra min side også.

Helse-, miljø og sikkerhetsaspektet ved arbeid knyttet til norsk sokkel er noe som opptar kommunalkomiteen, og det er ingen tvil om at denne virksomheten er forbundet med stor risiko. Vi kan derfor ikke la være å foreta oss noe. For å bli oppdatert på området avholdt kommunalkomiteen, som også Magnhild Meltveit Kleppa nevnte, et heldagsseminar for noen uker siden, hvor all sikkerhet både til lands og til vanns ble analysert, og det er ikke minst økonomisk store utfordringer forbundet med f.eks. å sikre tunneler i Norge.

Sist fredag, den 15. desember, kunne vi lese i avisen om rekordmange ulykker etter såkalte uønskede hendelser på sokkelen. Oljedirektoratet hadde fram til utgangen av november i år fått melding om hele 464 tilfeller av uønskede hendelser. Bare i løpet av få år har det vært en økning på mellom 200 og 300 pst. i slike uønskede hendelser, og det er svært bekymringsfullt. Slike hendelser har et stort ulykkespotensial både internt og eksternt, og derfor er sikkerheten på sokkelen av fundamental betydning.

Kommunalministeren har i brev til komiteen opplyst at det for tiden er iverksatt en rekke viktige tiltak og utredninger som vil være av stor betydning for en melding om sikkerheten i petroleumsvirksomheten, bl.a. et nytt samlet HMS-regelverk som er på offentlig høring. Derfor anbefalte kommunalministeren at en samlet melding til Stortinget med fokus på helse-, miljø- og sikkerhetsaspekter ved å arbeide offshore ikke blir framlagt for Stortinget før høsten 2001, slik at alle viktige innspill kan samles i én melding.

Det er ingen tvil om at det er viktig snarest mulig å få satt fullt søkelys på helse, miljø og sikkerhet på sokkelen. Dette må imidlertid veies opp mot hensynet til å skaffe et best mulig grunnlag for Stortinget for behandling av dette viktige området.

For øvrig viser jeg til komiteens innstilling.

Hallgeir H. Langeland (SV): Som ein av forslagsstillarane synest eg det er veldig positivt at både energi- og miljøkomiteen og kommunalkomiteen meiner at det må fokuserast sterkare på denne problematikken, og at ein må syta for at det blir ei grundig behandling av dette i Stortinget. Det er òg positivt at statsråden melder tilbake at dette ønskjer også ho. Så SV har ein god dag i dag, for så vidt. Det er kjekt, for det har ofte vore strevsamt, må eg seia, å samarbeida med fagforeiningane som jobbar i forhold til Nordsjøen, og å oppleva diskusjonen her i Stortinget som dreier seg om korleis ein skal bruka dei pengane ein har tent i Nordsjøen, ikkje noko i det heile, iallfall lite, om helse-, miljø- og tryggleiksaspekt knytte til dei folka som faktisk sørger for at ein har nokre pengar å bruka i dette landet. Det er på tide at me får større fokus på dette. At Stortinget er samrøystes, og at statsråden òg sluttar seg til det, synest eg er viktig.

Lat meg òg få presisera ein ting. Eg veit at det er ein del prosjekt som statsråden held på med, og som er i gang. Det er veldig viktig for meg å få seia at sjølv sagt

må ingen av desse stansast, men ein må gå vidare med det ein held på med. Her må ein prioritera tryggleik og ikkje venta på meldinga, for å seia det sånn.

Så har eg til slutt lyst til å utfordra statsråden når det gjeld dette med å etablere t.d. eit tryggleiksdirektorat, der ein samlar alle kontroll- og tilsynsfunksjonane, alt som har med tryggleik å gjera inn i eitt hus, for å seia det sånn. Kunne statsråden filosofera litt over det, om ho ikkje har bestemte meininger om det? For noko av det eg har erfart i arbeidet med denne saka, er at det er veldig mange kokkar som har noko med forskjellige ting å gjera på norsk sokkel, så det ligg ei utfordring der.

Med desse orda ser eg fram til at det kjem ei eiga stortingsmelding om tryggleik offshore.

Statsråd Sylvia Brustad: La meg først få si at jeg er glad for Stortingets engasjement på dette viktige området, og som Stortinget er kjent med, vil Regjeringa neste høst komme tilbake med en egen stortingsmelding som dreier seg om sikkerheten og arbeidsmiljøet i petroleumsvirksomheten. Der regner jeg med at alle spørsmål må få en bred og grundig omtale, også fordi det er ganske lenge sia sist det ble framlagt en egen melding på dette området, i 1993. Som Stortinget er kjent med, ble det i 1998 og 2000 utarbeidet egne sikkerhetskapitler i oljemeldinger framlagt av Olje- og energidepartementet, henholdsvis St.meld. nr. 46 for 1997-98 og St.meld. nr. 39 for 1999-2000.

For tida pågår det en omfattende revisjon av regelverket på sikkerhets- og arbeidsmiljøområdet som vil føre til et enklere og mer oversiktlig regelverk både for næringa og myndighetene. Dette er planlagt å tre i kraft i år 2001, slik Stortinget er kjent med.

Oljedirektoratet har i de senere åra erfart at industrien i større grad enn tidligere velger minimumsløsninger som innebærer at myndighetenes rammebetingelser utfordres. Analyser og vurderinger av risiko viser at storulykkespotensialet og sannsynligheten for at storulykker skal inntreffe, dessverre har gått opp. Samtidig viser analyser foretatt av Oljedirektoratet at skadefrekvensen på norsk sokkel, som gjennom tidligere år har gått ned, kan være i ferd med å snu. Oljedirektoratet registrerer også et økende antall uønskede hendelser i virksomheten.

Disse forholdene sett under ett gjør at det også etter min mening er behov for å gi Stortinget en bred framstilling av sikkerhets- og arbeidsmiljøforholdene på norsk sokkel og av eventuelle tiltak sikkerhetsmyndighetene vil foreslå iverksatt.

Jeg kan også opplyse om at Oljedirektoratet nå arbeider med et prosjekt om utviklinga av risikonivået på norsk sokkel. Formålet er å utvikle en modell for å vurdere risikonivået samt å produsere årlige analyserapporter for norsk sokkel.

Dette er et prosjekt jeg finner veldig interessant, og som jeg tror også næringa har store forventninger til. Dette arbeidet vil derfor utgjøre et viktig grunnlag for selskapenes og myndighetenes bidrag til sikkerhetsmessig forsvarlig virksomhet og etter min mening også ut-

gjøre et viktig bidrag i forhold til den meldinga som skal fram for Stortinget.

Jeg kan også opplyse at det nylig er etablert et kontaktforum hvor myndighetene, næringa og arbeidstaker- og arbeidsgiverorganisasjonene er representert. Kontaktforumet er ment å skulle ta opp og drøfte aktuelle sikkerhetsmessige og arbeidsmiljømessige forhold ved virksomheten på norsk sokkel. Etter min mening vil det være naturlig og hensiktsmessig at dette forumet også kan gi innspill til omfang og innhold i en slik sikkerhetsmelding.

For øvrig har jeg merket meg alle de forslag som kommunalkomiteen har til temaer i meldinga, og jeg mener det er naturlig at alle sentrale forhold vedrørende sikkerhet og arbeidsmiljø vil bli gitt en grundig omtale i den meldinga som skal komme.

Til det siste spørsmålet fra representanten Langeland omkring et eget direktorat eller departement, må jeg si at jeg ikke kan ta det på strak arm, bortsett fra at jeg tror det er ganske bred enighet om at når det gjelder spørsmålet om sikkerhet i vid forstand, også innenfor det vi har diskutert her i dag, er det nok behov for noe mer samarbeid og samordning enn det vi kanskje har sett i noen tilfeller, så det er selvfølgelig også Regjeringa opptatt av. Men hvordan og hva svaret er på det, har ikke jeg fasiten på her og nå. Det må vi utrede grundig først.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 6. (Votering, se side 1486)

Etter at det var ringt til votering i 5 minutter, uttalte **presidenten:** Da skulle vi være klare for votering.

Votering i sak nr. 1

Presidenten: Presidenten refererer forslag til vedtak i muntlig innstilling fra Stortingets presidentskap om midlertidig endring i Stortingets forretningsorden:

§ 53 nr. 3 tredje punktum skal lyde:

«En representant kan stille ett spørsmål i en ordinær spørretime.»

Endringen trer i kraft straks og gjelder inntil utgangen av mars 2001.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes mot 6 stemmer.

Votering i sak nr. 2

Komiteen hadde innstillet:

St.meld. nr. 47 (1999-2000) – om disponering av utrangerte rørledninger og kabler på norsk kontinentalsokkel – vedlegges protokollen.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Votering i sak nr. 3

Presidenten: Under debatten har Hallgeir H. Langeland satt fram et forslag på vegne av Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen å utrede miljømessige avgrensninger knyttet til kjøp og import av kraft, slik at bl.a. import av kraft produsert av sterkt forurensende kullkraftverk kan unngås.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Sosialistisk Venstreparti ble mot 6 stemmer ikke bifalt.

Komiteen hadde innstillet:

St.meld. nr. 9 (2000-2001) – om kraftutvekslinga mellom Noreg og Danmark – vert å leggje ved protokollen.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Votering i sak nr. 4

Presidenten: Under debatten er det satt fram to forslag. Det er:

- forslag nr. 1, fra Øyvind Korsberg på vegne av Fremskrittspartiet
- forslag nr. 2, fra Hallgeir H. Langeland på vegne av Sosialistisk Venstreparti.

Jan Tore Sanner (H): Det gjelder forslag nr. 1, fra Fremskrittspartiet. Et identisk forslag var tatt opp i forbindelse med finansinnstillingen og også da nedstemt.

Jeg vil oppfordre Fremskrittspartiet til å gjøre det om til et oversendelsesforslag i og med at man nå ber Regjeringen om å se på ulike tiltak for å redusere SO₂-utslippene. Dersom Fremskrittspartiet ikke gjør det om til et oversendelsesforslag, vil jeg anbefale Høyres gruppe å stemme for forslaget.

Presidenten: Så vidt presidenten forstår, har dette allerede vært til vurdering. Spørsmålet er: Skal vi votere direkte over forslaget? – Det blir bekreftet.

Presidenten: Vi starter med å votere over forslag nr. 2, fra Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen om å fremlegge konkrete forslag i Revidert budsjett for 2001 til å redusere SO₂- utslippene ved å ta i bruk inntektene fra SO₂-avgifta til f.eks. investeringer i rensetiltak.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Sosialistisk Venstreparti ble mot 6 stemmer ikke bifalt.

Presidenten: Vi voterer over forslag nr. 1, fra Fremskrittspartiet. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen legge frem forslag om opprettelse av et fond, hvor svovelavgiften fra prosessindustrien går inn. Dette fondet skal brukes til miljøforbedrende tiltak innen prosessindustrien.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Fremskrittspartiet ble med 74 mot 34 stemmer ikke bifalt.

(Voteringsutskrift kl. 11.50.06)

Komiteen hadde innstillet:

Stortinget samtykker i at Norge ratifiserer en protokoll av 30. november 1999 til konvensjonen om langtransportert grensekryssende luftforurensning av 13. november 1979, som gjelder reduksjon av forsurening, overgjødning og bakkenært ozon.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Votering i sak nr. 5

Presidenten: Under debatten er det satt fram fire forslag. Det er:

- forslagene nr. 1 og 2, fra Øyvind Vaksdal på vegne av Fremskrittspartiet og Høyre
- forslag nr. 3, fra Øyvind Vaksdal på vegne av Fremskrittspartiet
- forslag nr. 4, fra Hallgeir H. Langeland på vegne av Sosialistisk Venstreparti.

Det voteres først over forslag nr. 4, fra Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen nedsette et utvalg som skal vurdere om det er nødvendig å etablere spesielle vernesoner på norsk sokkel.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Sosialistisk Venstreparti ble mot 6 stemmer ikke bifalt.

Presidenten: Det voteres så over forslag nr. 3, fra Fremskrittspartiet. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen fra og med neste konsesjonsrunde å legge auksjonsprinsippet til grunn ved tildeling av konsesjoner.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Fremskrittspartiet ble med 91 mot 17 stemmer ikke bifalt.

(Voteringsutskrift kl. 11.51.13)

Presidenten: Det voteres så over forslagene nr. 1 og 2, fra Fremskrittspartiet og Høyre.

Forslag nr. 1 lyder:

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med en vurdering av å åpne nye områder for leteaktivitet.»

Forslag nr. 2 lyder:

«Stortinget ber Regjeringen følge opp Hervik-utvalgets forslag til skattestimulans for FoU-virksomhet i næringslivet.»

V o t e r i n g :

Forslagene fra Fremskrittspartiet og Høyre ble med 75 mot 33 stemmer ikke bifalt.

(Voteringsutskrift kl. 11.51.32)

Komiteen hadde innstillet:

St.meld. nr. 39 (1999-2000) – Om olje- og gassvirksomheten – vedlegges protokollen.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Votering i sak nr. 6

Komiteen hadde innstillet:

Dokument nr. 8:90 (1999-2000) – forslag frå stortingsrepresentantane Karin Andersen og Hallgeir H. Langeland om å fremja ei tilleggsmelding til St.meld. nr. 39 (1999-2000) om olje- og gassverksemda som skal retta spesiell merksemd på oljearbeidarane sine vilkår og på helse-, miljø- og sikkerhetsaspekt ved arbeid knytta til norsk sokkel – vert vedlagt protokollen.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

S a k n r . 7

Referat

1. (115) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE (St.prp. nr. 36 (2000-2001))
Enst.: Sendes energi- og miljøkomiteen.
2. (116) Billighetserstatninger av statskassen (St.prp. nr. 35 (2000-2001))
Enst.: Sendes justiskomiteen.
3. (117) Asyl- og flyktningepolitikken i Noreg (St.meld. nr. 17 (2000-2001))
Enst.: Sendes kommunalkomiteen.
4. (118) Nord-Trøndelag fylkeskommune sender skriv datert 8. desember 2000 med uttalelse fra fylkestinget om Heimevernets rolle i det nye forsvaret
Enst.: Vedlegges protokollen.

Møtet hevet kl. 11.55.